

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/495

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2020	Valnemnda	PS	04.06.2020
042/2020	Kommunestyret	PS	18.06.2020

Val av jordskiftemeddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.21 - 31.12.24

Vedlegg:

Journalposttittel

Ad val av jordskiftemeddommarar til jordskifteretten for perioden 1. januar 2021 til 31. desember 2024

Dato

26.05.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.2021 – 31.12.24 er:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune skal etter kommunevalet i haust velje meddommarar til jordskifteretten.

Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m (jordskiftelova) § 2-5,2.ledd slår fast at utvalet av meddommarar til jordskifteretten skal utpeikast etter reglane i domstollova om val av meddommarar. Lov om domstolane (domstollova) § 66 slår fast at lagrettemedlemmer og meddommarar skal veljast av kommunestyret sjølv- Valet gjeld for 4 år.

Det skal vere to utval for meddommarar til jordskifteretten; eitt for kvinner og eitt for menn (jr § 65 i domstollova). Masfjorden kommune skal velje 5 kvinner og 5 menne til utvala for meddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.20 – 31.12.24.

Domstollova § 68,3.ledd slår fast at ingen kan veljast til meir enn eitt av utvala for meddommarar til lagmannsretten og tingretten. I brev frå Domstoladministrasjonen dagsett 18.12.19 er dette forklart slik:

Samme person kan ikke velges til både å sitte i utvalget til lagmannsretten og til tingretten, jf dl § 68 siste ledd. Men for øvrig kan alle ulike kombinasjoner velges. For eksempel kan samme

person være meddommer både i tingretten og jordskifteretten. Vedkommende kan i tillegg være skjønnsmedlem.

Fakta

Domstollova § 67 seier at utvala av meddommarar skal ha ei allsidig samansetning som best mogeleg speglar alle deler av kommunane sine innbyggjarar. Kommunane må difor oppmoda ålmenta til å foreslå kandidatar ved annonse i lokalpressa eller på heimesida. Masfjorden kommune hadde slik annonse på heimesida og i avisa Strilen (6.mai) med frist til 19.mai for å kome med forslag til kandidatar. Det kom inn tre kandidatnamn som begge er oversendt valnemnda.

Jordskiftelova § 2-5 fastslår at medlemmene i utvalet av meddommarar til jordskifteretten skal vere kunnige i saker som jordskiftesoknet til vanleg har.

I brev frå Nord- og Midhordland jordskifterett dagsett 03.03.20 skriv dei at dei har flest saker med meddommarar i landbruksområder. Lensmannsskjønn som gjeld fast eigedom og rettigheter knytt til eigedom, er nå avvikla og kompetansen er overført til jordskifterettane. I enkelte saker kan jordskifte skje i kombinasjon med skjønn. Dette gjer at jordskifteretten ønskjer auka skjønnskompetanse hjå meddommarane og meiner det kan vere gunstig om det er enkelte jordskiftedommarar som og står i skjønnsmannsutvalet.

Jordskifteretten peiker til slutt på at deira saker medfører synfaring i skog og mark og at meddommarane difor må ha normalt god helse og kunne ta seg fram i terrenget.

Konklusjon

Masfjorden kommune vel 5 kvinner og 5 menn som jordskiftemeddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.21 – 31.12.24.

Valnemnda - 008/2020

VA - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vart sett fram framlegg om

- Kari Areklett
- Grethe Haugsvær
- Tove Kristin Sleire Tistel
- May Wenke Lilletvedt
- Lillian Andvik
- Frode Lasse Vågseth
- Bjørn Egil Nordland
- Hans Daae
- Ørjan Daae
- Gunnar Andvik

vart vald som meddommarar til jordskifteretten.

VA - vedtak:

Meddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.2021 – 31.12.24 er:

- **Kari Areklett**
- **Grethe Haugsvær**
- **Tove Kristin Sleire Tistel**
- **May Wenke Lilletvedt**
- **Lillian Andvik**
- **Frode Lasse Vågseth**
- **Bjørn Egil Nordland**
- **Hans Daae**
- **Ørjan Daae**
- **Gunnar Andvik**

Kommunestyret - 042/2020

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Meddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.21 – 31.12.24 er:

- **Kari Areklett**
- **Grethe Haugsvær**
- **Tove Kristin Sleire Tistel**
- **May Wenke Lilletvedt**
- **Lillian Andvik**
- **Frode Lasse Vågseth**
- **Bjørn Egil Nordland**
- **Hans Daae**
- **Ørjan Daae**
- **Gunnar Andvik**